

Emne nr 36

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål.

Herad: Klepp.

Emne: Helsing, fakter og åtferd.

Oppskr. av K.K.Kleppe.

Gard: Kleppe.

adresse: Kleppe, Jæren.

G.nr.1, br.nr.19.

Oppskrifta er etter eiga røynsle. Alder: 77 år.

Helsing, fakter og åtferd.

1. "Ja", - berre med ordet sagt - eller med eit lite bukk med hovudet. "Nei" - med ordet sagt - eller med ei lita risting på hovudet.
2. Som regel vert det berre helsa på dei som ein dreg kjensel på, men det kan vera unnatak for framande folk.
3. Nei, nokon regel er det ikkje for kven som skal helsa først, det er meir som det fell.
4. Med handhelsing: Goddag og takk for sist, det var gildt å få helsa på deg. Eller noko slik. For borna vart det gjerne ikkje så mange orda, men dei vaksne hadde eit godord til dei også.
5. Helsingmåtane er no ikkje så ulike. Serleg før var det nok vanleg å vera meir vyrdsam for presten og storframande enn for vanlege bygdefolk. I mange tilfelle tek dei hatten av seg. Storbønder og brukseigarar er ikkje vanlege her.
6. Måten ein heldt hatten på, tydde ikkje noko sers.
7. Det var gjerne slik, at med høgtidsklede på vart helsinga litt meir høgtidsam.
8. Når folk kom saman i lag eller ved serlege høgtider: dåp, konfirmasjon, brudlaup, årsmålsdagar m.m. Helsa gjerne på borna når dei skjøna seg på det.
9. Det kunne vel henda at eit okslaklapp gav kjensle av venskap og glede.



10. Det var ikkje vanleg å ta av seg hatten, når dei hørde klokkeringing frå kyrkja. Menn og kvinner stod ~~gjerne~~ gjerne stille ein augneblink, når dei hørde dei første klokkeslaga.
11. Når likfylgje reiste framom på vegen stansa folk opp, og mennene tok av seg hatten. Det same vart før og gjort med brurfylgje. No er det ikkje lenger noko samla brurfylgje, for bilane kjem ein og ein til kyrkja.
12. Kjenner ikkje til at det her var helsing på visse dyr og ting.
13. Noko visst klokkeslett for bruk av dei ymse helsingord har det visst ikkje vore. Desse orda er i bruk her: Gomorn, goddag, god kveld, god natt. Diverre kan me høyra ordet gomorn nytta til andre tider enn om morgonen.
14. Det vert ikkje rekna som usømeleg å nytta ei helsing som ikkje er rett, men det rette er betre lika.
15. Kjenner ikkje til at det er visse svar ved slike høve.
16. Som nemnt ovanfor kan me hjå sume folk høyra ordet morn til alle tider. Det er slikt som kjem frå byane.
17. Det er vanleg med desse orda: Signe arbeidet, lukka med arbeidet, signe maten.
18. Andre tiltalemåtar er ikkje så vanlege. Svaret er gjerne: takk for det.
19. Ikkje vanleg at gjesten tek opp att helsinga: goddag inne og.
20. Den som vil tala med husfaren, seier det beint ut.
21. Det er mykje vanleg å banka på døra før ein går inn.
22. Svaret: Kom inn. - På same måten som elles ved møte.



23. Ein heilt framand kunne verte ståande ved døra til dei bad ham om å koma frampå.
24. Vanleg å ta hatten eller huva av seg med same han kom inn.
25. Ver så god ta plass - eller sete.
26. Nokon skilnad er det nok. T.d. ein blekkfant får nok ikkje same vyrdnaden som andre personar.
27. Som regel vart dei helsa på ein vyrdeleg måte.
28. Det var sjølv sagt noko meir naturleg med helsinga når kjenningar kom.
29. Innbedne gjester vart handhelsa og ynskte velkomne.
30. Ved kvardagslege vitjingar sa folk: Farvel og takk for i dag (eller kveld). Svar: Takk for at du kom.
31. Ved avskilshelsingar kunne ordelaget vera noko ulike. Lang reis: Farvel og lukke på reisa. Ha det godt og velkomen att. For siste gong: Ordelaget var då noko meir kjenslevarmt.
32. Det var ikkje så vanleg å kysse kvarandre til farvel.
33. Det kunne henda at kvinnene kyste kvarandre, likeins born og foreldre.
34. Å gjeva ein klem.
35. Handkyssing var ikkje vanleg.
36. Kunne vera for vyrdnad og takksemd.
37. Ikkje normale folk kyste si eiga hand.
38. No må du gjeva henne ein liten klem.
39. Å byta nase er berre for moro skuld - ikkje helsing.
40. Vanleg at foreldra gjorde det.
41. Peike- og langfingeren kunne nok verta nytta til å stela nasen - med ein finger på kvar sida av nasen. Veit ikkje noko namn på dette.



42. Det kunne henda at folk la kjake mot kjake som kjærteikn. Noko serleg mamm veit eg ikkje.
43. Kunne verta gjort mellom born og foreldre, mellom vaksne og born, eller og mellom vaksne.
44. Til lukke er det mest vanlege uttrykket.
45. God jul, gledeleg jul, godt nyttår, god påske, god pinsti. Til lukke med dottera (sonen), til lukke med tru- lovinga, til lukke med giftarmålet.
46. Mi varme medkjensle i sorg og saknad.
47. Takk for det.
48. Det er vanleg å takka for medkjensle og for fram- møte ved gravferda - frå familien. Ikkje på vegne av den avlidne.
49. Ved å snu ryggen til - eller slå mot med hendene.
50. Det er vanleg at folk seier du til folk frå same bygda eller næraste bygder. Mellom bygdefolk og by- folk vert det gjerne De, når dei ikkje er retteleg godt kjende. I eller Jer er ikkje nytta.
51. Han eller ho vert ikkje nytta i staden for du og De.

- - - -